


HØYRINGSFRÅSEGN TIL NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT

Høyanger-fjella ligg i delområde **Sunnfjord og Sogn** i NVE sitt forslag til nasjonal ramme. Området er vurdert som eit av 13 ”egnede” område for vindkraft. Som når det gjeld mange andre område, kolliderer dette med lokale vurderingar der f. eks. Høyanger-fjellet er eit høgt skatta område for friluftinteresserte. Eg limer inn desse karta som eksempel på kva som er trua dersom ikkje lokale vurderingar får forrang framfor NVE sine forslag.

Zephyr sin grovplan for vindkraft i deler av Høyanger-fjellet. NB: Fred. Olsen Renewables har send melding til NVE om interesse for same område



Turkart over område som viser skiruter slik dei er teikna inn av ivrige turgåarar. Vindkraftinstallasjonar vil ikkje vere mindre i konflikt med sommarturar.



Høyanger-fjellet er også eit område med sin del av artsmangfaldet som ikkje er tent med vindkraft-industrialisering. Verdien av området kan ikkje målast i kroner og øre slik kilowatttimar frå vindkraft kan, men har ein verdi som heva over dette. Eg sluttar meg til dei som finn miljø og natur meir verdfulle enn eit auka kraftoverskot. Vi treng ikkje ei nasjonal ramme for vindkraft – vi treng ei nasjonalt høgare verdsetting av natur og miljø.

Med helsing, Einar Rysjedal